

På denne sida vil me fortelja smått og stort frå der du bur. Kven er leiar i laget ditt etter årsmøtet? Har verksemda di fått ny leiar? Skriv gjerne minneord og omtale til årsmøtsdagar. Redaksjonell tekst og bilete til denne sida kan sendast til: redaksjon@avisa-hordaland.no, faks 56 53 03 08, tlf. 56 53 03 00, Hordaland, Postboks 38, 5701 Voss.

**GRATULASJONSHELSINGAR**

Kr 125,-. Hugs foto av god kvalitet og fullt namn på den som vert gratulert. Annonser til denne sida kan sendast til: annonse@avisa-hordaland.no, faks 56 53 03 08, tlf. 56 53 03 00, Hordaland, Postboks 38, 5701 Voss, eller leggjast i postkassane våre på VIMI-bygget eller Svartenakken.

**BILETE:** Vil du kjøpa bilete (15 x 21 cm) som Hordaland har teke, så ta kontakt med fotodesken tlf. 56 53 03 26, sentralbordet tlf. 56 53 03 00 eller ting på nettutgåva vår: www.avisa-hordaland.no

# idaritet



## Sommartur til Matre og Gulen



**KYRKJE FRÅ USA:** Reisefylgjet vitja m. a. Vestnorsk utvandringssenter, der dei rusla rundt og fekk sjå både kyrkja og andre bygningar som var henta frå USA. PRIVAT FOTO

**Voss og Omland Forsvarsforening og Forsvarets Seniorforbund Voss har hatt sin årlege sommartur.**

I år var det Seniorforbundet som stod for turopplegget. Bussen starta på Istad og tok på deltakarar etter vegen til Vangen og Voss jernbanestasjon. Ein fullsett buss sette kursen mot Evanger og Teigdalen over Nesheimsfjellet, der resten av snøen enno var synleg. Nedover Eksingedalen i strålende solskin og fin musikk på bussen, var det ikkje lenge før me var i Modalen.

Vidare mot Romarheim og Matre til Bjørn West Museet, fyrst med ei kort orientering om krigshandlingane og så ein film med autentiske bilete frå kampane i Matrefjella. Etter ein runde i museet bar det vidare gjennom Høgsvær og utover på nord-sida av Masfjorden til Sløvåg og

Skjerjehamn.

Her var det handelsstad og knutepunkt for sjekter og andre båtar frå kring 1850, og gjestgjevarstad. Her var det matøkt, med god laks, dessert og kaffi. Me fekk nyta det fine sommarvêret og sjå nærare på kongestatua som vart avduka i 2007. Her kunne ein ha vore lenger, men me hadde lang tur heim att til Voss. Nokre sannferdige historier vart også fortalde som tidtrøyte.

No bar det attende til Sløvåg og ferja over til Leirvåg, der me fekk sjå Mongstad frå sjøsida. Turen gjekk vidare over Radøy og til Vestnorsk utvandringssenter, der me rusla rundt og fekk sjå både kyrkja og andre bygningar som var henta frå USA. Neste stopp var på Knarvik, der me hadde kaffipause og litt å bita i på Folke-  
munne kafe.

Etter ein kort pause var det no

strake vegen over Nordhordalandsbrua. På fastlandssida Klauvaneset dukka Tellevik kystfort opp, eit tysk fort frå krigens dagar. Vidare gjennom Åsane og til Voss. Etter ein lang busstur med ofte stopp, brukte me dagen godt. Bussen var fin med gode seter, og med ein flink og blid sjåfør, slik ein bussjåfør er. Alle gjorde sitt til at det vart ein vellukka tur.

**OJS**

### ■ Dødsfall



Vår hjartegode tante og grandtante

**Agnes Lid**

f. 29.6.1920

døyde i dag i trua på sin Frelsar, Voss sjukeheim 12. juni 2013

*Hvor salig da den som når alt farer hen, har Jesus og Himlen igjen.*

**Haldor - Frida Normann  
Ottar Norvald - Dagny Gundi  
Gunnhild Bjørg - Jan Margrete  
Gudrun - Torstein**

Gravferd frå Nain torsdag 20. juni kl 12.00. Alle som vil fylgja til grava er hjarteleg velkomne. Like kjært som blomar er ei gáve til Helgaton. Velkomen òg til minnestund i Nain etterpå.

Håkon B Bolstad til Veronica Sol-tvedt og Alexander Bø Mandelid (21.05.2013).

Tråstølsvegen 24 (gnr 50, bnr 189) er seld for kr 4.200.000 frå Voss Resort Prosjektutvikling as til Petter Akselsen (21.05.2013).

Brekkedalen 42 (gnr 333, bnr 1) er overdrege for kr 700.000 frå Erling Jordalen til Arild Jordalen (22.05.2013).

Sonve 34 (gnr 198, bnr 35) er overdrege frå Brynjulv Kolve til Signy Kolve (23.05.2013).

Del av Ringheimsvegen 9 (gnr 47, bnr 164) er overdrege frå Hilde Marie Magnusson til Knut Lydvo

(23.05.2013).

Bavallstunet 180 (gnr 50, bnr 158, seksjon 1) er seld for kr 3.250.000 frå Dag Inge Lid Seim til Kommunal Landspensjonskasse (23.05.2013).

Feissgrovvegen 207 (gnr 272, bnr 42) er seld for kr 1.700.000 frå Voss Fjellandsby as til Birger Tvedt, Kari Hege Tvedt og Tor Erik Tvedt (23.05.2013).

Strandavegen 94 (gnr 49, bnr 27) er overdrege frå Gunnar Dagestad til Kjellaug Flatabø Dagestad (23.05.2013). Overdraginga omfattar også Holbygdvegen 249 (gnr 292, bnr 3).

Strandavegen 94 (gnr 49, bnr 27) er overdrege frå Kjellaug Flatabø Dagestad til Rannveig Dagestad (23.05.2013).

Gnr 150, bnr 62 er overdrege frå Finn Einar Ramsvik til Ingebjørg Ramsvik, Norunn Rindedal, Marta Een Lauvaas, Erling Ramsvik og Knut Een Ramsvik (24.05.2013). Overdraginga omfattar også e.d. i Bergen kommune.

Gnr 149, bnr 44 er overdrege frå Ingebjørg Ramsvik til Knut Een Ramsvik, Norunn Rindedal, Marta Een Lauvaas og Erling Ramsvik (24.05.2013). Overdraginga omfattar også gnr 150, bnr 62. Overdra-

ginga omfattar også e.d. i Bergen kommune

Del av gnr 150, bnr 62 er overdrege frå Knut Een Ramsvik, Norunn Rindedal og Erling Ramsvik til Marta Een Lauvaas. (24.05.2013).

Del av gnr 149, bnr 44 er overdrege frå Knut Een Ramsvik, Marta Een Lauvaas og Erling Ramsvik til Norunn Rindedal (24.05.2013).

Bavallstunet 33 (gnr 50, bnr 133, seksjon 6) er seld for kr 1.850.000 frå Randi Merete Hansen Våge og Bjarte Andre Våge til Håkon Stang og Tove Bystøl (29.05.2013).

*Kjelde: Statens kartverk*